

BEREKRAFTIG IDRETT?

25. mars 2022

Åsane kulturhus/digitalt

I anledning NM veka inviterer Idrettsklynge Vest med samarbeidspartar til seminar med fagleg påfyll og sosial møteplass. Vi har samla dyktige fagpersonar innan ulike felt som vil dele av sin kunnskap.

Delta fysisk på ein eller fleire seansar, kombiner det med fantastisk idrettsatmosfære i Åsane Arena, eller følg med frå din eigen PC-skjerm. Uansett kva du vel, hugs å melde deg på innan 24.mars.

PROGRAM

kl. 09.30	Opning ved fylkesordførar Jon Askeland
kl. 09.35 - 11.00	Ulike perspektiv på ferdighetsutvikling
kl. 11.00 - 12.00	Lunsj
kl. 12.00 - 13.30	Grøne idrettsarrangement
kl. 14.00 - 14.45	Dopingførebyggande arbeid
kl. 15.00	Bordtennisfinale i Åsane Arena



Ulike perspektiv på ferdigheitsutvikling



kl. 09.35

Korleis påverkar biologisk og kronologisk alder utvikling av fysisk kapasitet blant barn og ungdom.

Hilde Gundersen, førsteamanuensis ved Høgskulen på Vestlandet.

Hilde har ein doktorgrad i kognitiv nevrovitenskap frå Universitetet i Bergen og ei topptrenarutdanning. Ho er trenar i friidrett, forskar blant anna på talentutvikling og er prosjektleiar for «Fotballspillere i utvikling». Hilde leiar i dag ei forskargruppe innan idrett, helse og funksjon



kl. 10.20

Stress, meistring og mentale ferdigheter

Hege R. Eriksen, professor ved Høgskulen på Vestlandet.

Hege har ei doktorgrad frå det psykologiske fakultet ved Universitetet i Bergen og har trenarutdanning og etterutdanning i Kognitiv idrettspsykologi. Hun har leia fleire store forskingsprosjekt særleg innan område relatert til stress, meistring og helse. Hege leiar i dag ei forskargruppe innan idretts- og helsepsykologi



kl. 10.40

Talentutviklingsarbeid, kjenneteikn på gode utviklingsmiljø - med eit skråblikk på fotball

Ann-Kristin Nilsen, Ph.d. stipendiat ved Høgskulen på Vestlandet.

Ann-Kristin er utdanna lærar og skreiv masteroppgåve om motorisk læring. Ho er tidlegare fotballspelar og har ei fotball trenarutdanning. I tillegg til å jobbe med forskingsprosjektet «Fotballspillere i utvikling» undersøkjer ho i sitt Ph.d.-prosjekt korleis modellar for spelarutvikling er utforma, tilrettelagt og iverksett for å ta hand om og forme utviklinga av unge talentfulle fotballspelarar i Norge.



Grøne idrettsarrangement



- kl. 12.00 **Velkomen - Idretten si rolle i det grøne skiftet**
Jon Askeland, fylkesordførar Vestland



- kl. 12.05 **Idretten si rolle i eit berekraftig samfunn**
Dagfrid Forberg, Norges idrettsforbund
Idretten har som Norges største folkerørsle stor innverknad på sosiale, økonomiske og klima- og miljømessige forhold i samfunnet. Dagfrid kjem inn på kva grøne idrettsarrangement tydar i praksis, kva for verktøy idretten kan nytte og korleis vi kan samhandle for å nå berekraftsmåla.



- kl. 12.25 **VM i snøsport for parautøvarar - med berekraft i fokus**
Marita Andersen, rådgjevar arrangement og berekraft i Norges Skiforbund
Norges Skiforbund har sett fokus på berekraftig utvikling. VM i Snøsport 2022 er eit godt døme på korleis dei har implementert tilgjengeleg kompetanse og verktøy, mellom anna gjennom miljøfyrtårnsertifisering, «plastsmarte» idrettsarrangement og miljøambassadørar.



- kl. 12.40 **Bruk av lokalmat på meisterskap**
Rolf Kjetil Egge, Breimsbygda IL/NM i friidrett på Byrkjelo
Byrkjelo stadion har stolte tradisjonar som arrangør av ulike norske meisterskap i friidrett. Kjennemerket og suksessoppskrifta for dei siste meisterskapa er at publikum og utøvarar skal få ei god matoppleveling på arrangementa der kortreist og lokal mat har hovudfokus.



- kl. 12.50 **Grøne fotballarrangement**
Hildegunn Hove, arrangementsansvarleg i NFF Sogn og Fjordane
I samarbeid med klubbar jobbar NFF Sogn og Fjordane for å legge til rette for trygge rammer i aktivitet og på arrangement. Dei ønskjer å vere ein tydeleg aktør innanfor viktige samfunnstema som Fair play, inkludering, mat og helse, trafikktryggleik og miljø.



- kl. 13.00 **Sofaprat - Miljøtiltak er bra, men er det for dyrt?**
Arve Lindgren, Visit Bergen
Mange idrettslag har utfordringar med å innføre berekraftige løysningar under arrangement og i den daglege drifta grunna kostnader. På kva måte kan idrettslaga bli meir berekraftige? Kven tar kostnaden? Kva kan vi lære av andre? Kva for kostnadseffektive tiltak finst?



Paneldeltakarar: **Trygve Johnsen** Norges Håndballforbund, Region Vest, **Therese Andvik Rygg** SK Brann, **Dagfrid Forberg** Norges idrettsforbund, **Torbjørn Iversen** Bergen kommune og **Randi Helene Røed** Norsk Tipping.

Dopingførebyggande arbeid



kl. 14.00

Samspel om dopingførebyggande arbeid i Vestland

Jon Askeland, fylkesordførar Vestland



Anders Solheim, dagleg leiar Antidoping Norge



kl. 14.10

Dopingførebyggande arbeid eit folkehelseperspektiv

Tor Helge Myhre, fylkeskoordinator Vestland, Antidoping Norge

Dopingbruk blant ungdommar handlar ikkje berre om idrett og prestasjon, det handlar om skifte av treningsmiljø, aukande kroppspress og lav lav sjølvkjensle blant ungdommar. Tor Helge vil her setja fokus på doping i eit folkehelse perspektiv og korleis ein kan førebygge dopingbruk i møte med unge personar, med utgangspunkt i arbeidet som er blitt gjort saman med fylket.



kl. 14.20

Idretten – Vestlandet sin viktigaste førebyggjar?

Siri Byrke, rådgjevar Antidoping Norge

Idretten har ei unik moglegheit til å påverke utøvarane sine verdiar og haldningar. Men korleis kan idretten bidra til å førebygge brot på dopingreglane? Vi ser nærmare på kva trenrarar, leiarar og støtteapparat bør vere oppmerksam på, og kva verktøy ein kan nytta i det førebyggande arbeidet.



Delta fysisk på ein eller fleire seansar og kombiner det med fantastisk idrettsatmosfære i Åsane Arena eller sjå digitalt direkte på idrettsklyngevest.no

Stad
Møtelokale
Adresse
Parkering

Åsane kulturhus, lokalisert like ved Åsane Storsenter
Multisalen
Åsane Senter 52, Ulset
Vi oppfordrar alle deltagarane om å reise kollektivt då det er knapt med parkeringsplassar i området! Stoppestad er Åsane Terminal, sjå skyss.no for rutetider.

Pris

Gratis

Deltakinga er gratis. Men vi har fokus på matsvinn, så dersom du ikkje møter ved fysisk påmelding vil du kunne bli fakturert for lunsj.

Gå til **PÅMELDING**



Påmeldingsfrist
torsdag 24. mars



IDRETTSKLYNGE
VEST



BERGEN
KOMMUNE



Vestland
fylkeskommune



NORGE
Olympiappen
Vestland



NORGES
PARAOLIMPIKE
FORBUND
Vestland området



Høgskulen
på Vestlandet



HELTE BERGEN
Haukeland universitetssjukehus

